

# NORSahel

SPRE KUNNSKAP - GI LIV!

A circular photograph showing a close-up of a sleeping baby's face, held gently by several hands. The baby has a peaceful expression and is resting its head on the hands. The background of the photo is dark, making the baby's features stand out. The photo is set against a larger orange background with decorative white and yellow diagonal lines.

**NYHETSBREV**

SOMMER 2019



Forskningsleiar prof. Ola Didrik Saugstad og Mari Innerdal frå NorSahel ekspertgruppe på besøk i Mali i desember 2018. Til høgre ser vi stadleg representant Etienne Dembele og mellom Mari og Ola Didrik fødselslege Hawa Diall

NORSahel

## NORSAHEL UTVIDAR NYFØDD-PROSJEKTET «THE GOLDEN MINUTE» I MALI

No i vår 2019 har NorSahel og partnerar i Mali utvida nyfødte og HBB (Helping Babies Breathe) prosjektet til å omfatte eit nytt helsedistrikt, Kolikani, som ligg i Koulikoro-regionen i Mali. Først gjennomførte NorSahel ei baselineundersøking for å sjå på den reelle situasjonen, og deretter har det blitt gjennomført opplæringar i april-mai 19. Distriktet har totalt 295 000 innbyggjarar, og NorSahel har gitt opplæring til alle 22 rurale helsesentera (helseklinikkar) og regionsjukehuset i Kolikani. Distriktet er prega av veldig låg legedekning. Det er berre registrert 9 legar totalt i heile distriktet. Det er under 2 kvalifiserte helsepersonell per 10 000 innbyggjarar (WHO sitt minimumskrav er 23 per 10 000). Heile 98 % av jentene er omskorne, noko som gjer fødselar ekstra vanskeleg. Mange kvinner før dessutan utan hjelp frå helsepersonell, såkalla u-assisterte fødselar. NorSahel sitt initiativ har blitt godt motteke. Prosjektet tek sikte på å redusere talet på nyfødde som dør med 30 %. NorSahel arbeider nå med HBB-prosjektet i 4 distrikt og på 3 jordmorskular. Sidan starten i 2015 har NorSahel lært opp over 1600 jordmødrer, jordmødrer studentar og andre fødselshjelparar i metoden HBB. Dei som er lært opp dekkjer eit området på over 1,4 millionar innbyggjarar. Prosjektet er også forska på og forskning viser at resultatet ligger over målet.

## FAKTA OM MALI OG SPEDBARNSDØDELIGHET

- Mali har 17 millionar innbyggjarar.
- Sidan 2012 ramma av borgarkrig.
- Mali er rangert som eit av de 10 fattigaste landa i verda. (Rangert som nr. 182 av 189 på UN HDI index)
- Spedbarnsdødelighet (0-1 år): 100 av 1000 (2016 est. CIA)
- Nyfødtdødelighet (første 24 timer etter fødsel): 35 av 1000 (Unicef 2017)

## NORSAHEL SIN NYFØDT- APP LANSERT I MALI

Endelig har den nye nyfødt- App'n til NorSahel blitt introdusert i Mali! Vi har arbeidet målbevisst over tid med utviklingen av den, og i mai er den blitt introdusert og testet av over 60 fullt utdannede jordmødre i Mali. Utviklingen av denne App er blitt støttet av våre gode partnere i Kavli og Laerdal Foundation. App'n er utviklet i samarbeid med ekspertgruppen og fagpersoner i Stavanger.

For å kunne evaluere nyfødt- og HBB-prosjektet i Mali, igangsatte NorSahel et prosjekt for å forenkle innsamling av data ved bruk av en egenutviklet App som kan brukes på nettbrett og mobiltelefoner, tilpasset lokale forhold i Mali. De fleste organisasjoner sliter med å innhente nødvendige evalueringsdata. Derfor er det knyttet store forventninger til et forenklet system ved bruk av egen utviklet App. Tanken er også at denne Appen skal hjelpe jordmødrene og helsemyndighetene med å forenkle det altfor kompliserte og tungvinne systemet som eksisterer ute på fødestuene i Mali i dag.

Tilbakemeldingene i Mali har vært over all forventning, både fra jordmødrene selv, de maliske helsemyndigheter og den norske ambassaden i Bamako. Neste fase er at APP'n skal gjennom en funksjonalitets-test ute på helsesentre.

APP'n er tilpasset lokale forhold i Mali som i den senere tid har utviklet mobilnettet blitt i stor hastighet, til tross for at landet både er fattig og rammet av uro. NorSahel har ved denne innovative APP'n vist at vi kan utvikle teknologi tilpasset forholdene i Mali. APP'n ble tatt imot med begeistring under en konferanse som NorSahel deltok på i Rabat, Marokko nylig. Det blir spennende å følge den fremover. APP'n er å finne på Google Play, men man må ha passord for å komme inn i selve registreringen.

Nyfødt- APP skal  
hjelpe lokale  
jordmødre med  
registrering av fødsler.







## NORSAHEL DELTOK SOM BIDRAGSYTER I EN STØRRE KONFERANSE I RABAT MAROKKO 12-14 JUNI 2019

Nyfødtprosjektet, som NorSahel driver i Mali, er blitt internasjonalt kjent. I denne forbindelse var NorSahel invitert til den store konferansen «First Pan African Workshop on Newborn Screening» i Rabat i Marokko nylig der det var fokus på kvaliteten på innsamling av data.

NorSahel var representert på konferansen ved anestesilege, Olav Eielsen, og NorSahel sin prosjektleder i Mali, Mr Etienne Dembele. De holdt sammen foredraget "Experience from Mali : Problems concerning the traditional collecting of data in Newborn screening -A model of North South cooperation in child and maternal health.»

Konferansen viste at NorSahel er i fronten på å ta ny teknologi i bruk, og det ble under konferansen knyttet svært nyttige kontakter som vil være viktig for NorSahel i det videre prosjektet i Mali.



Representant for NorSahel Mali Etienne Dembele og prosjektleder NorSahel Olav Eielsen holder foredrag om erfaringer i Mali i Rabat Marokko 13 og 14 juni 2019





## JOACHIM BJØRGE NY STYREMEDLEMI NORSAHEL

Joachim Bjørge vart vald inn i styret til NorSahel no i april 2019. Han er 32 år gamal og bur i Kristiansand. Joachim arbeider som system utviklar i Zegeba . Han brenn for at born rundt om i verda får rett til utdanning og skulegang. Han har etter kvart skaffa seg solid erfaring frå it-bransjen og håpar at denne kompetansen kan være eit nyttig bidrag for vidareutvikling av NorSahel. Vi i NorSahel er glade over å få Joachim med på laget og ser fram til samarbeid framover for å nå måla våre. Velkomen til Joachim




## JORUNN KVERNDALEN NY STYREMEDLEM I NORSAHEL

Jorunn er også ny i styret for NorSahel. Ho er jordmor og seksjonsleder ved fødeavdelingen på Sykehuset Telemark og har også jobba med utdanning av jordmødre i Norge. Jorunn har besøkt prosjektet og møtt samarbeidspartnere frå Mali i 2017. Jorunn seier: – Jeg synes det er fantastisk å se hva NorSahel har fått til med små midler, og er imponert over jobben som er gjort, sier hun. NorSahel er glad for å få med Jorunn i styret og ser at ho har både nettverk og engasjement som vil kome organisasjonen til gode framover. Velkomen til Jorunn!

## SYKKELPROSJEKTET I KATAB UNGDOMSKOLE



Sykkelprosjektet til NorSahel starta i 2014 ved ungdomskulen, Katabantankonto, i Tambaga kommune. Dei siste par åra har denne ungdomskulen vist veldig gode tal når det gjeld jenter. 50% er passert, noko som er ganske unikt i området, ja i heile Mali. Elles i regionen ligg talet på jenter i ungdomskulen ned mot 20 %.



**Katabantankoto ungdomskole**  
 2019/2020  
 andel % jenter på skolen.  
 Antall elever: 130



## INTERVJU MED LÆRER BALLA DEMBELE OM KATAB UNGDOMSKULE OG SYKKELPROSJEKTET

**Norsahel:** Fortel litt om Katab

**Balla:** Katab landsby ligg i utkanten av Tambaga Kommune og har eit innbyggartal på over 1630. Hovudaktiviteten for innbyggjarane er landbruk og husdyravl. Religionen er islam. Fleire omkringliggende landsbyar soknar også til Katab ungdomskule.

**Norsahel:** Kor mange elever går det på skolen pr. i dag?

**Balla:** I alt går det 66 jenter og 64 gutar ved ungdomskulen. Dette betyr jentene utgjør 51 %. (Sjå graf under)

**Norsahel:** Katab kan vise til gode resultat når det gjeld å få jenter på ungdomskulen. Kvifor trur du de har lukkast med dette?

**Balla:** Eg meiner sykkelprosjektet til NorSahel har bidratt betydeleg til dette. Mange foreldre såg før inga anna moglegheit enn å gifte bort døtrene når dei var 13. Med sykkelprosjektet har dette endra seg mykje. Syklane til NorSahel har blitt bruka som motivasjon. I tillegg har foreldre og lærarar ved Katab ungdomsskule køyrd kampanjar i området for å rekruttere jenter. Alle er veldig nøgde med dette prosjektet



Balla Dembele er lærar i  
Tambaga kommune

**Norsahel:** Katab fekk nyleg 15 ekstra sykklar av NorSahel. Korleis blei det tatt imot?

**Balla:** Det var arrangert ein stor seremoni med ordførar og andre gjester. Syklane var ei ekstragåve frå NorSahel grunna det gode resultatet Katab har vist. Fordi jentene nå er i flertall, blei nokre av desse syklane også delt ut til gutar med lengre skuleveg, avsluttar Balla med eit smil.





Støtt oss:  
15556  
**vipps**  
by DNB

NorSahel arbeider for å redusere  
spebarnsdødelighet i Mali

**NORSAHEL**

INSPIRERANDE GÅVER!

**MALIKVELD I TREUNGEN SAMLA INN  
45 000 NOK!**

Ein stor Malikveld blei arrangert av NorSahel 31.03.2019 i Fleirbrukshuset i Treungen. Det kom mykje folk til denne kvelden og stemninga var på topp. Nissedalskoret og Arnar Vågen underheldt med song og musikk av. Vidare deltok den lokale moromannen Harald Valle.

**VIL DU VERTA FAST GIVAR? FAST  
GIVERTJENESTE NORSAHEL**

NorSahel treng meir forutsigbare inntekter over tid slik at vi kan no endå lenger med å gje nyfødde trygge hender og hjelpa ungdomskolejenter til å gå på skule. NorSahel har nyleg fått nokon fleire fasta givere men ynskjer fleire slik at vi kan planleggja langsiktig. Den viktigaste partnaren vår Kavlifondet som har støtta arbeidet i Mali med millionar dei siste 2 år ynskjer òg at NorSahel har fleire faste givere. Ein fast givar må gjerne støtte eit øremerkt prosjekt eller støtte arbeidet i Mali generelt. Slik kan du verta fast givar:

Skriv ein e-post til [post@norsahel.no](mailto:post@norsahel.no) der du skriv at du ynskjer å verta fast givar med namn og adresse. NorSahel opprettar en fast avtale med deg med Avtalegiro.

Tre alternativ for å merka midlane: NorSahel sitt arbeid i Mali, Nyfødt prosjekt, Sykkelprosjektet.



**SPRE KUNNSKAP - GI LIV!**

**Giverkonto**

**2801.32.59889**

merk Nyfødt eller Sykkel

15556  
**vipps**  
by DNB

Vipps 15556 el. søk Norsahel MERK Nyfødt Mali

[www.Norsahel.no](http://www.Norsahel.no) 



Nyfødd-prosjektet



Sykkel-prosjektet



UiO : Det medisinske fakultet



Laerdal  
helping save lives

